



Nordhordland Utviklingsselskap Iks  
Kvassnesvegen 23

5914 ISDALSTØ

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 18/251 - 18/2143

**Saksbehandlar:**

Åse Elin Myking  
ase.elin.myking@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

19.03.2018

## **MELDING OM VEDTAK - IKT NORDHORDLAND-OMORGANISERING OG UTVIDING**

Saka er behandla i Kommunestyret 12.03.2018 - Sak 17/2018

**Det er gjort slikt vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Vaksdal kommune vil oppmoda styret om å setja i gong ein prosess for å endra vedtektene slik:

*§ 2 Samarbeidet er ikkje eit eige rettssubjekt. Samarbeidet er forplikta av aktuelle tariffavtaler innanfor KS-området.*

*§ 8 Representantskapet vel eit styre som består av fem rådmenn og tre varamedlem i rekkefølge frå representantskapet, samt inntil to representantar for dei tilsette. Dei tilsette vel sjølv sine representantar.*

*§ 8 Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret. Vert endra til: § 8 Dagleg leiar er styret sin sekretær og sakshandsamar. Vedkommande har tale- og forslagsrett i styret sine møter, med mindre styret i enkeltsaker vedtek at vedkommande ikkje skal kunne møte.*

*§ 9 Styret har plikt til å sjå til at det vert ført lovmessig rekneskap og revisjon av verksemda, i samsvar med kommunelova.*

Forslag til vedtektsendring vert og å senda dei andre kommunane i IKT-samarbeidet.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



Rett utskrift:

Sølvi Legård  
Politisk sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakar:**

Nordhordland Utviklingsselskap Iks

**Kopi til:**

Austrheim kommune  
Fedje kommune  
Gulen kommune  
Lindås kommune  
Masfjorden kommune  
Meland kommune  
Modalen kommune  
Osterøy kommune  
Radøy kommune